

Arkivsak: 2021/708-118

Arkiv: 34340001

Saksbehandlar: Sander Sælthun

Dato: 07.12.2022

Saksframlegg

Saksnummer	Møtedato	Utval
2022/91	22.11.2022	Formannskapet
2022/98	06.12.2022	Formannskapet
2022/79	15.12.2022	Kommunestyret

Revisjon av kommuneplanens arealdel - sluttbehandling etter 2. gongs offentleg ettersyn

Vedlegg

- 1 KP-Arealdel_Planomtale ved sluttbehandling
- 2 KP-Arealdel _Føresegner og retningsliner til sluttbehandling(2)
- 3 KP-Arealdel_Uttaler med kommentarar_2 høyring
- 4 KP-Arealdel_Konsekvensutgreiing ved sluttbehandling
- 5 KP-Arealdel_KU for massetak i vassdrag med reguleringsplan_2 høyring revidert
- 6 KP-Arealdel_KU for massetak utan reguleringsplan_2 høyring revidert
- 7 KP-Arealdel_Notat - status for fisket og fiskebestanden i Bøvre og Finna - masseuttaka sine verknader
- 8 KP-Arealdel_ROS 2 høyring revidert
- 9 Skiltvedtekter for Lom kommune
- 10 1_Plankart_Kommune_Nordre del_V_A0
- 11 2_Plankart_Kommune_Søre del_V_A0
- 12 3_Plankart_Utsnitt_Garmo_V_A1
- 13 4_Plankart_Utsnitt_Lia-Graffer_V_A1
- 14 5_Plankart_Utsnitt_Nordsætrin_V_A1
- 15 6_Plankart_Utsnitt_Nåvårsætrin_V_A1
- 16 7_Plankart_Utsnitt_Meadalen_V_A1
- 17 8_Plankart_Utsnitt_Leirmo-Galdesand_V_A1
- 18 9_Plankart_Utsnitt_Røisheim-Raubergstulen_V_A1
- 19 10_Plankart_Utsnitt_Juvasshytta__V_A1

Innstilling frå kommunedirektøren

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 godkjenner Lom kommune ny arealdel til kommuneplan for Lom, planID 05140073, med plankart og føresetnad datert 15.11.2022.

Planforslaget omfattar planskildring, plankart, planførersegner, konsekvensutgreiing (3 dokument), risiko- og sårbarheitsanalyse og skiltvedtekter for Lom kommune. Det er lagt ved notat der alle innkomne uttaler til 2. gongs høyring/ offentleg ettersyn er referert og kommentert.

Planen blir vedteken med dei endringar etter 2. gongs høyring som går fram av saksutgreiinga.

Kommuneplanens arealdel blir godkjent under føresetnad av at Statsforvaltaren i Innlandet trekkjer si motsegn til planen.

Kommunedelplan for Fossbergom, vedteken 24.11.2020, vil fortsatt gjelde for sentrumsområdet.

Som følgje av vedtaket om godkjenning av ny arealdel til kommuneplanen blir reguleringsplan for masseuttaksområde M18 Bøvre ved Galdebygde, vedteken 12.03.1998, oppheva.

Som følgje av vedtaket skal Lom kommune ta initiativ til ei vurdering av om behovet for massar til Finndalsvegen kan dekkast på ein annan måte enn i dag, slik at vassdrags- og verneverdiar ikkje blir negativt påverka. Dette skal skje i samarbeid med Statsforvaltaren i Innlandet, Nasjonalparkstyret for Reinheimen og brukarane av Finndalsvegen.

Saksutgreiing

Gjeldande arealdel til kommuneplanen vart vedteke av kommunestyret 14. oktober 2003. Formannskapet vedtok felles planprogram for kommuneplanens samfunnsdel og arealdel 30. juni 2015. Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i kommunestyret 27. oktober 2016, denne er også under revisjon. Sidan arealdelen frå 2003 var utarbeidd på grunnlag av den gamle plan- og bygningslova frå 1985, var det nødvendig med ein omfattande gjennomgang og revisjonen for å tilpasse planen til gjeldande plan- og bygningslov frå 2008.

Arbeidet med arealdelen har pågått periodevis, men har og i periodar blitt nedprioritert på grunn av andre planoppgåver og manglende kapasitet. Vinteren 2020/ 21 vart arbeidet teke opp att, og plandokumenta vart lagt fram til første gongs politisk behandling i samfunnsutvalet 07.06.2021 og i formannskapet (planutvalet) 15.06.2021, sak 2021/39.

Planforslaget vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 08.07.2021 - 09.09.2021.

Kommunen mottok 36 uttaler til høyringa, blant desse var det **13 motsegner** til planforslaget frå Statsforvaltaren. 11 av desse gjaldt område for masseuttak, 1 motsegn gjaldt nytt område for fritids- og turistformål ved Konglehaugen, og 1 motsegn kom på grunn av at planforslaget ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar at potensiale for fortetting blir utnytta før nye utbyggingsområde i Garmo blir teke i bruk. Vidare hadde NVE **motsegn** til alle masseuttak i vassdrag (13 stk).

Svært mange av høyringsuttalene frå lokale partar har fokus på dei foreslårte byggeområda for fritidsbustader. Det er kritiske/ negative uttaler til alle dei 5 foreslårte byggeområda, og gjennomgåande tilbakemelding var at dei negative konsekvensane for beiteinteresser/ landbruk og for naturmangfold ikkje var tillagt tilstrekkeleg vekt.

Etter 1. gongs høyring vart plandokumenta omarbeidd av plankontoret, og det vart m.a. gjennomført konsekvensutgreiing for alle masseuttaksområde i vassdrag, både dei som har godkjent reguleringsplan og uregulerte uttak. Det vart vidare gjennomført konsekvensutgreiing for alle uregulerte masseuttak på land. Som eit resultat av dette arbeidet vart ein del uttaksområde fjerna frå planforslaget, medan det vart sett krav om utarbeiding av reguleringsplan for andre område.

Byggeområde for bustader Frisvollskogen Nord (32 tomter) vart teke ut av planforslaget før 2. gongs høyring, medan Frisvollskogen Sør og Aust (til saman 17 tomter) vart foreslått vidareført.

3 byggeområde for fritidsbustader vart foreslått teke ut av planforslaget og vist som LNFR-område i planforslaget ved 2. gongs høyring. Eit område for fritidsbustader ved Nordsetrene vart foreslått endra til byggeområde for fritids- og turistformål BFT28_f, for utbygging av utleigehytter for turistbedriftene i området. Byggeområde for fritidsbustader BF14_f Bjønnskaret vart foreslått vidareført ved 2. gongs høyring.

For turistverksemndene utanfor verneområde vart arealformål for fritids- og turistformål vidareført frå 1. gongs høyring, men dei fleste fekk justert avgrensing på plankartet (noko mindre areal).

For turisthyttene som ligg inne i Jotunheimen nasjonalpark vart område for fritids- og turistformål teke ut av planforslaget, desse områda vart vist som LNFR-område i planforslaget til 2. gongs høyring.

Nytt byggeområde for offentleg og privat tenesteyting BOP01_f parkeringsplass Garmo kyrkje vart teke ut av planforslaget, sidan både grunneigar og Statsforvaltaren var svært kritiske til forslaget.

Ved 2. gongs høyring vart det teke inn nokre nye byggeområde som ikkje var med ved 1. gongs høyring av planforslaget: Nytt byggeområde for næringsformål BN02_f Frisvollskogen N (10.5 daa). Nye område for fritids- og turistformål - BFT24_f og BFT25_f Storhaugen gard, for utviding av eksisterande areal for reiseliv på Storhaugen med 72 daa. Nytt område for fritids- og turistformål BFT29_f for oppføring av garasje/ lager for Brimi fjellstugu, 1,5 daa. Eksisterande felles parkeringsareal P11 for Brimi Fjellstugu og Brimi seter utvida med 0,5 daa nytt areal; P01_f.

Etter innspel frå fylkeskommunen i regionalt planforum vart det ved 2. gongs høyring lagt inn ei ny omsynssone H570_10 for vegrelaterte kulturminne langs Kollavegen, med tilhøyrande retningsliner for bevaring av veganleggjet.

Kommunen mottok 26 uttaler til 2. gongs høyring av planforslaget.

Oppsummering av dei viktigaste endringane i planen som blir lagt fram til sluttbehandling samanlikna med plandokumenta som var lagt ut til 2. gongs høyring:

Vesentlege endringar i plankartet:

- Byggeområde for fritidsbustader BF14_f Bjønnskaret er trekt ut av kommuneplanens arealdel. Arealet blir vist som LNFR-område.
- Byggeområde for fritids- og turistformål BFT01_f Konglehaugen er trekt ut av kommuneplanens arealdel. Arealet blir vist som LNFR-område.
- Byggeområde for fritids- og turistformål BFT29_f Brimi Fjellstugu er trekt ut av kommuneplanens arealdel. Arealet blir vist som LNFR-område.
- Byggeområde for fritids- og turistformål BFT28_f Nordsetrene har fått justert utstrekning mot vestre avgrensing i samsvar med saksutgreiinga.

- Byggeområde for fritids- og turistformål BFT18B Brimi Fjellstugu er vist i plankartet med den utstrekning det hadde i plandokumenta ved 1. gongs høyring.
- Byggeområde for næringsformål BN02_f Frisvollskogen N er trekt ut av kommuneplanens arealdel. Arealet blir vist som LNFR-område.

Vesentlege endringar i planføresegnerne:

- Under punkt 2.6 om energiforsyning er det teke inn retningsliner om søknadsplikt/ fritak for søknadsplikt ved installasjon av solcellepanel og solfangarar på tak og fasader.
- I punkt 2.10 om bevaring av bygningsmiljø og kulturminne er det teke inn nye retningsliner om bevaring av gamle vegfar og vassvegar, bevaring av bygningar og gjenbruk av materialar.
- I punkt 3.7 a) er massuttaksområda M31 Medalen og M32 Borgasanden teke med blant uttaksområde der det er krav om at forslag til detaljreguleringsplan skal vere utarbeidd og innlevert for behandling i kommunen innan to år etter vedtaket om revisjon av arealdelen.
- I nytt punkt 3.7 g) er det sett vilkår for masseuttaksområde M24 Liasanden om at uttak av grus i perioden 15/9 – 15/6 skal skje på tørt land.
- I nytt punkt 3.7 h) er det sett vilkår for uttaksområda M101 Prestsætre og M102 Kvanndalsvoll om at uttak av grus berre skal skje på låg vasstand i perioden 1–15. juni eller 15.-31. august.
- Under punkt 3.7 er det teke inn retningsliner om melding/ driftskonsesjon og driftsplan frå Direktoratet for mineralforvaltning, og om nødvendige avklaringar etter minerallova.
- Under punkt 7.2.3 er det teke inn retningsliner om at det kan drivast aktiv jordbruksdrift med slått/beite innanfor omsynssoner for kulturlandskap H570_1 Bøverdalene og H570_6 Nordsetrene

I tillegg er det gjort mindre tekniske justeringar i plankart og føresegner.

Vurdering

Kommunedirektøren vil i det følgjande gå gjennom dei viktigaste merknader og motsegner som kom ved 2. gongs høyring av planframlegget, og dei endringar som er foreslått i plandokumenta for å imøtekoma desse innspela.

Byggeområde for bustader:

Ved 1. gongs høyring var det foreslått 3 nye bustadområde, alle i Garmo, med til saman ca 49 nye bustadtomter og ca 94 daa omdisponert til bustadformål. Statsforvaltaren hadde da motsegn til planforslaget fordi det ikkje sikra at potensiale for fortetting og transformasjon vert utnytta før nye utbyggingsområde vert teke i bruk. I tillegg kjem at det aller meste av arealet til det største byggeområdet BB03 Frisvollskogen N (32 tomter/ 59 daa), er registrert som dyrkbar jord.

Ved 2. gongs høyring var område BB03 Frisvollskogen N teke ut av planforslaget, og Statsforvaltaren trakk da motsega til dette punktet i planforslaget.

Byggeområde for fritidsbustader:

I arbeidet med kommuneplanen fram til 1. gongs høyring var det registrert innspel/ forslag om 14 nye byggeområde for fritidsbustader. Etter alle desse område var konsekvensutgreidd foreslo administrasjonen at 5 av desse områda skulle takast inn i planforslaget til 1. gongs høyring. Det var ingen motsegner frå regionale/ statlege planmyndigheiter til nokon av hytteområda, men det var stort lokalt engasjement knytt til nye område for fritidsbustader. Det var kritiske/ negative uttaler


til alle dei 5 foreslårte byggeområda, og gjennomgåande tilbakemelding var at dei negative konsekvensane for beiteinteresser/ landbruk og for naturmangfald ikkje er tillagt tilstrekkeleg vekt. Kommunedirektøren foreslo derfor å ta ut tre av dei nye byggeområda for fritidsbustader (BF01_f Nordsætrin, BF08_f Lunnarplassen-Hardbakkjen og BF12_f Nåvårsetervangen) ved 2. gongs høyring.

Byggeområde for fritidsbustader BF14_f Bjønnskaret var det einaste hytteområdet for private hytter som var foreslått vidareført ved 2. gongs høyring. Området er føreslege av kommunen som alternativt utbyggingsområde for fritidsbustadar til erstatning for utbyggingsområde for fritidsbustadar som var foreslått i det meir sentrale området på Nordsetrene, men som ikkje vart tilrådd vidareført ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Byggeområde BF14_f er på 90,7 daa, med eit anslag på 48 tomter. Det er sett krav om utarbeiding av reguleringsplan før utbygging. Området ligg i direkte tilknyting til ferdig regulert, men enno ikkje utbygd område for fritidsbustader på Vågå-sida av kommunegrensa, vedteke av Vågå kommune i 2015 med 29 regulerte hyttetomter. Tilkomstveg og annan infrastruktur kan dermed byggast ut felles for dei to hytteområda. Område BF14_f ligg også nær dei utbygde hyttefelta Tessosen/ Uksfossen på Vågåsida, og Brimiskogen klatrepark på Lomssida.

Også ved 2. gongs høyringa var mange uttaler negative/ kritiske til hytteområde BF14_f Bjønnskaret; dette gjeld uttaler frå Lom og Skjåk brannvesen, uttale frå eigarar av heilårbustader langs Tessvegen (på Vågå-sida), frå lokallaga av Naturvernforbundet og Birdlife Norge, setereigarar og beitebrukarar på Nordsetrene, styret i Vårdalen statsallmenning, Vårdalen beitelag, Lom bonde- og småbrukarlag, Lom sau- og geitealslag, Jehans Storvik jr. og Lom fjellstyre. Sistnemnde skriv at område BF14_f ligg 1 km frå, i gangavstand frå seterområdet på Nordsetrene, og at ei realisering av dette hyttefeltet vil påverke eksisterande seter og beitebruk i heile området. Det er ikkje bygningar og installasjonar i seg sjølv, men auka aktivitet- og bruk av området som vil bli ei utfordring, skriv Lom fjellstyre.
Sjå elles dokumentet *Samanfatting av uttaler og innspel ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring med kommentarar frå plankontoret*.

Vidare står det i forslaget til ny samfunnsdel til kommuneplanen at kommunen skal arbeide for å redusere endringar av arealbruk som vil føre til tap av naturmangfald. Behandlinga av revisjon av kommuneplanens samfunnsdel skjer parallelt med behandling av arealdelen.

Ved ei samla vurdering høyringsuttalene, arealstrategien i forslaget til ny samfunnsdel og fordi utbygging av veg, vatn og avløp til dette hyttefeltet sannsynlegvis vil krevje relativt store naturinngrep og bli kostbart, foreslår kommunedirektøren å trekke forslaget om nytt hyttefelt BF14_f Bjønnskaret ut av planforslaget. Arealet vil da bli vist som LNFR-område i kommuneplanens arealdel.



Oversiktskart som viser korleis område BF14_f (skarp gul farge) er plassert i høve til regulerte hyttefelt på Vågåsida av kommunegrensa. Brimi fjellstugu i nedre kartkant. Uksfossen hyttefelt i Vågå i høgre kant.

At ingen nye område for privat hyttebygging ligg inne i planen slik den no blir lagt fram til sluttbehandling, må sjåast i samanheng med at det er 63 ubygde tomter i tidlegare regulerte hyttefelt. Kommunedirektøren vil peike på at det er både formålstenleg og konfliktdempande for kommunen å arbeide for at ei utbygging i allereie regulerte hyttefelt, snarare enn å opne for nye.

Kommunedirektøren vil vidare peike på at dei tre regulerte hyttefelta som ligg langs Galdhøpiggen oppfor Galdesand har så å seie heile reserven, med 61 ubygde tomter:

- På Saltsletta vart reguleringsplanen godkjent i 2001 med 25 tomter. Det er bygd 5 fritidsbustadar i området. Vidare hyttebygging i området kan ikkje skje før det er gjort faresonekartlegging med omsyn til fare for jord- og flaumskred og flaum. Ei slik kartlegging vil avklare om det er reell, skredfare, og klargjere om det er nødvendig med sikringstiltak for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik i forhold til krava i byggeteknisk forskrift.
- Tjønnbakken hyttefelt, der reguleringsplanen også vart godkjent i 2001 med 13 tomter. Det er frådelt og selt ei tomt og bygd ein fritidsbustad. Feltet er ikkje utbygd med veg, vatn og avlaup som er sett som føresetnad for utbygging i reguleringsplanen. Nokre av tomtene ligg innanfor området med fare for jord- og flaumskred på NVE sine aktsemeldskart for skred.
- Galdhøpiggen høyfjellshytter har 31 regulerte tomter. Første godkjente reguleringsplan er frå 2003, men sidan den gang er planen endra to gonger, siste revisjon i 2016. Alle tomtene er frådelte, fleire er selt, men det er ikkje bygd på nokon av tomtene. Grunnen til at det ikkje er bygd på tomtene her, er at det ikkje er bygd ut vatn og avlaup i området, og berre delvis veg. Etablering av veg, vatn og avlaup er sett som ein føresetnad i reguleringsplanen.

Dette er tomter som har stått ubygde det siste tiåret eller lengre tilbake i tid. Alle dei tre hyttefeltene ligg på privat grunn. Alle feltene er regulert for «høg standard», dvs. med veg, straum, vatn og avlaup. Det er kommunal avlaupsleidning frå Raubergstulen til Galdesand. Reguleringsføresegnene for dei tre hytteområda føreset at hyttetomtene skal vere tilkopla til denne. Drikkevassforsyning er meint å skje frå private anlegg. Korvidt Lom kommune bør bidra ved å finansiere/forskottere utbygging av VA-nett og/ eller gjennom faresonekartlegging for skred i Gadelia, er ikkje noko ein skal ta stilling til i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, men det kan vere ein aktuell problemstilling, som alternativ for å legge ut nye hyttefelt. Det er lite sannsynleg at utfordringane knytt til utbygging av infrastruktur vil vere vesentleg lettare å løyse for nye hyttefelt enn dei eksisterande i Gadelia, der kommunalt avløpsnett trass alt ligg i nærleiken.

Byggeområde for fritids- og turistformål:

Område BFT01_f Konglehaugen

Statsforvaltaren hadde **motsegn** til dette byggeområdet både ved 1. og 2. gongs høyring. I uttalen til 2. gongs høyring opprettheld Statsforvaltaren motsegn til område BFT01_f og skriv at dei krev at realistisk tilkomst utan konflikt med nasjonale verdiar knytt til naturmangfold og jordvern blir avklart på overordna nivå (kommuneplanens arealdel), før dei evt. aksepterer slik utbygging her.

Plankontoret ser ingen alternativ for å løyse utfordringa med tilkomst til område BFT01_f utan at slike konflikter oppstår. På bakgrunn av dette innstiller kommunedirektøren på å trekke forslaget om nytt område for fritids- og turistformål BFT01_f, og vise dette arealet som LNFR-område i arealdelen.

Område BFT28_f Nordsetrene vart ved 2. gongs høyring foreslått endra frå byggeområde for fritidsbustader til byggeområde for fritids- og turistformål, for utbygging av utleigehytter for turistbedriftene på Nordsetrene. Området kan på den måten meir direkte styrke utviklingspotensialet for turistbedriftene i nærområdet, samanlikna med utbygging av private hytter. Utbygging av "varme senger" i staden for privat hyttebygging er i samsvar med den politikken som tradisjonelt har blitt ført i Lom kommune. Området har ein avgrensa størrelse, og ligg mellom dei to bilvegane Osvegen og Tessvegen. Området vil derfor ha ein avgrensa verdi for landbruk, naturmangfold og dyreliv.

Dei same høyringsuttalene som er kritiske/ negative til hytteområde BF14_f Bjønnskaret er også negative/ kritiske til område for fritids- og turistformål BFT28_f. I tillegg er Innlandet fylkeskommune v/ fylkesutvalet kritisk til forslaget, og meiner totalbelastinga for området og negative verknader for landbruksnæringa må tilleggast stor vekt.

Lom fjellstyre meiner at dei negative konsekvensane for seter- og beitebruk ikkje blir mindre ved å knyte hyttene til turistverksemndene, men at høgare belegg, auka bruk og gjester som i mindre grad er kjent med tilhøva vil truleg gje auka negativ påverknad jf. ordinære fritidsbustader. Fjellstyret viser i sin uttale vidare til at det etter fjellova og seterforskrifta ikkje kan utvisast areal til oppføring av frittståande utleigehytter knytt til ei seter. Utvising må i tilfelle sjåast på som ei nyetablering. Til det siste vil kommunedirektøren kommentere at kommunen i medhald av plan- og bygningslova kan og bør legge ut nødvendig areal for næringsutvikling uavhengig av dei prosessar som går etter fjellova med forskrifter. I siste omgang vil det vere grunneigar som avgjer om området faktisk skal nyttast slik som det blir vist i kommuneplanen.

Brimi sæter er positiv til forslaget, og skriv i sin høyringsuttale at utbygging her kan supplere tilbodet dei har på setra i dag, og dekke behovet for framtidig utvikling av verksemda.

Sjå elles dokumentet *Samanfatting av uttaler og innspel ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring med kommentarar frå plankontoret*.

Saksbehandlarane på plankontoret var på ny synfaring i området 12.10.2022. Ved å redusere arealet noko mot vestre avgrensing, vil heile utbyggingsområde ligge i skogsterregn. Arealet blir da 18,5 daa. Det vil vere gode mogelegeheter for å gjennomføre ei utbygging som ikkje dominerer i landskapsbildet, samtidig som minsteavstanden til nærmeste seterstul på Nordsetrene blir ca 400 m.

Kommunedirektøren si vurdering er at med godt styrt utbygging gjennom detaljregulerings-plan vil byggeområdet ha lite negative konsekvensar for landskapsbiletet og kulturlandskap. Vegetasjonen er lyng- og skogsmark med lite beiteplanter for sau eller storfe. Etter reduksjon av arealet som nemnt over vil i underkant av 20 dekar bli omdisponert, og tilkomst til området vil ikkje beslaglegge meir areal sidan byggeområdet er avgrensa av bilvegar både mot nordvest og sør aust.

Kommunedirektøren si vurdering er derfor at byggeområdet ikkje vil ha vesentlege negative verknader for beite- og landbruksinteresser, og innstiller på å vidareføre byggeområde BFT28_f Nordsetrene i endeleg plan.



Flyfoto der område BFT28_f er vist med den utstrekning det hadde ved høyring (svart, tynn line), og med forslag til ny avgrensing mot sørvest vist med raud line. Blå line er berekna flaumveg for overvatn.


Område BFT29_f Brimi Fjellstugu (garasje-/ lagerbygg):

Området, som er på 1,5 daa medrekna tilkomstveg, kom inn i planforslaget etter innspel frå Brimi Fjellstugu, da dei har behov for eit nytt lager- / og garasjebjyggs for drifta av turistverksemda.

Verksemda hadde ønske om å plassere bygningen utanfor eksisterande byggeområde BFT18A og byggeområde BFT18B, vidareført frå kommunedelplan for Nordsetrene frå 2009.

Fylkeskommunedirektøren skriv i si uttale at området bør bli revurdert, fordi arealet er ganske stort og vurderast som ei uheldig løysing i forbindelse med heilsakleg arealbruk, siktelinjer mot Tesse og påverknad på landskapet. Lom fjellstyre skriv i si uttale at dei ynskjer å vurdere alternative områder for plassering av eit slik bygg, før ein tek endeleg stilling til tiltaket.

Til det siste vil kommunedirektøren kommentere at det vil vere uheldig å legge opp til ein ny prosess omkring plassering av ein slik bygning i etterkant av at kommuneplanens arealdel er vedteken.



Frå KU ved 2. gongs høyring:
Område BFT29_f, vist med mørk fiolett farge, er foreslått område for bygging av garasje/lager.
SV01_f er tilkomstveg. Areal med lys fiolett farge er eksisterande areal for fritids- og turistformål. Grønt areal i nord (LNFR01_f) er areal som var foreslått teke ut av byggeområdet som kompensasjon.

Etter å ha gått gjennom høyingsuttalene og vurdert saka på nytt, ser plankontoret at det er grunn til å legge større vekt på den påverknad på landskapet eit bygg med opp til 6 m høgde med plassering i område BFT29_f vil få. Området ved Nordsetrene er med i Riksantikvarens plan for sikring av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA; ikkje vedteken enno). Det finst mogelegheit for alternativ plassering av bygget innanfor byggeområde for fritids- og turistformål BFT18B nord for Brimi fjellstugu. Om eit garasje-/lagerbygg blir plassert i nordre del av område BFT18B vil det etter plankontoret sitt syn få ei betre plassering, noko mindre eksponert og lenger unna det sentrale seterområdet. Det vil naturleg nok vere noko driftsulemper ved at bygget blir plassert i litt større avstand frå fjellstugu.

På bakgrunn av innkomne høyringsuttaler foreslår kommunedirektøren å trekke forslaget om nytt område for fritids- og turistformål BFT29_f ut av planen, og vise dette arealet som LNFR-område.

Byggeområde BFT18B blir da lagt inn i plankartet med den utstrekning det hadde i plandokumenta ved 1. gongs høyring, vidareført frå område E2 i gjeldande kommunedelplan for Nordsetrene.

Kommunedirektøren viser elles til merknader og vurderingar i punkt 1.8 i dokumentet *Samanfatting av uttaler og innspel ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring med kommentarar frå plankontoret*.

Byggeområde for næringsformål:

Ved 2. gongs høyring av planforslaget var det teke inn nytt byggeområde næring BN02_f Frisvolls kogen N, 10.5 daa. Det var vidare foreslått føresegn om at området berre kan nyttast til industri, handverks- og lagerverksemd, ikkje til detaljhandel.

Grunneigar for det aktuelle arealet har i høyringsuttale vist til at byggeområdet er plassert på areal med produktiv skog av høg bonitet, og er også klassifisert som dyrkbar jord. Han ønskjer at dette arealet fortsatt skal vere ein del av gardens produksjonsgrunnlag, og ber derfor om at dette ikkje blir teke inn i planen. Vidare har Jordvernalliansen i sin uttale oppfordra kommunen om å vurdere dette området på nytt, sidan det ligg på dyrkbar jord. På bakgrunn av desse høyringsuttalene innstiller kommunedirektøren på å trekke forslaget om nytt næringsområde BN02_f, og vise dette arealet som LNFR-område i kommuneplanens arealdel.

For område for næringsformål BN01 og BN03_f Lågkollen var det ved 2. gongs høyring vist alternativ løysing for tilkomstveg. Det var ingen uttaler eller merknader i høyringa knytt til alternativa.

Kommunedirektøren innstiller på at den alternative løysinga blir lagt til grunn i endeleg plankart, da denne er ca 100 m kortare enn opprinneleg forslag, og dermed også mindre kostnadskrevjande.

Område for råstoffutvinning – masseuttak i vassdrag:

I planforslaget til 1. gongs høyring vart dei fleste område for masseuttak frå "Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom" frå 1997 vidareført. Dette gjeld også 7 masseuttak i vassdrag med godkjent reguleringsplanar frå 1998-99. Det var ingen nye område for masseuttak i planforslaget. Ved høyringa hadde både Statsforvaltaren og NVE **motsegn** til alle dei 7 regulerte masseuttaka i Bøvre og Finna, vassdrag som er varig verna mot kraftutbygging etter verneplan IV frå 1993. Statsforvaltaren hadde i tillegg motsegn til to uregulererte masseuttak i Ottaelva og to mindre, uregulererte masseuttak på land, medan NVE hadde motsegn også mot alle uregulerete masseuttak i vassdrag.

Grunngjeving for motsegnene til masseuttaksområda i vassdrag var at "Kommunedelplan for sand, grus og stein i Lom" og dei nemnde reguleringsplanane er frå slutten av 1990-talet, og både Statsforvaltaren og NVE etterlyser ei oppdatert vurdering av konsekvensane masseuttaka har for vassdraga. Statsforvaltaren viser til auka fokus på verneverdiane i vassdrag i vassressurslova frå 2001 og naturmangfaldlova frå 2009, og til heimel for å fremme motsegn i plan- og bygningslova § 5-5. NVE stiller spørsmål ved om dei gjeldande reguleringsplanane er "i samsvar med nasjonale og regionale interesser", og forventa at arealplanen skal omfatte vurdering av samla effekt/ konsekvens som uttaka har for vassdraget, samt lovmessig avklaring etter vassresurslova. Vidare set NVE krav om reguleringsplan for alle masseuttak i vassdrag, dersom dei skal vidareførast i kommuneplanen.

Plankontoret si vurdering etter 1. høyring var at motsegnene til masseuttaka hadde ei tvilsom grunngjeving, både fagleg og juridisk. Når det gjeld masseuttaka i vassdrag med godkjente reguleringsplanar var både NVE og Fylkesmannen i Oppland tett involvert i planprosessane i 1998-99.

Etter 1. gongs høyring har likevel plankontoret gjennomført konsekvensutgreiing for alle masseuttak i vassdrag, både dei som har godkjent reguleringsplan, og uregulerte uttak. Som følgje av konsekvensutgreiinga er 5 av uttaksområda i vassdrag foreslått teke ut av planforslaget ved 2. gongs høyring. Dette gjeld 4 uttaksområde utan reguleringsplan: M104 Otta ved Geitøye, M106 Otta ved Liabrua, M108 Otta ved Yttervikje, og MS10 Tessemagasinet (steinbrot under HRV). Område M18 Bøvre ved Galdebygde vart også teke ut av forslaget til 2. gongs høyring. Det har ikkje vore teke ut massar i dette området. Her finst det ein gjeldande reguleringsplan frå 1998 - denne reguleringsplanen blir føreslege oppheva ved godkjenning av kommuneplanen sin arealdel.

Når det gjeld dei 5 attverande masseuttaksområda i Bøvre skriv Statsforvaltaren i sin uttale ved 2. gongs høyring at den konsekvensutgreiinga som det vart bedt om ved første gongs høyring nå er gjennomført. Statsforvaltaren skriv at dei ser det som viktig at kommunen kan avslutte arealdelarbeidet. Framfor å gå vidare med ei komplisert, usikker og kanskje tidkrevjande juridisk avklaring om heimelen for motsegn har Statsforvaltaren kome fram til at dei vil trekkje motsegna til nemnde fem masseuttak, dersom kommunen tek inn følgjande føringar som vilkår for vidare uttak:

- "Uttak av grus skal i perioden 15/9 – 15/6 skje på tørt land. Vidare skal transporten av grus ut av vassdragsbeltet også så langt som mogleg skje på tørt land for å unngå tilslemming frå finstoff på yngel og rogn. Uttak av grus utanom denne perioden kan skje i vasstrengen dersom vassføring tillet det."

Plankontoret har hatt kontakt med entreprenørane som driv masseuttaket i Medalen. Dei peikar på at uttak frå 15. juni og utover er praktisk umogeleg på grunn av flaum/ høg vannstand. På sein-sommaren fram mot 15. september kan uttak vere mogeleg – problemet er at vassføringa i denne perioden likevel normalt er klart større enn om våren, og at vassføringa om hausten er variabel og uføreseieleg, elva kan vekse opp "over natta" etter varmeperiode eller regn. I Medalen er det normalt lite masse å ta ut på tørt land, da det er dårleg definert djupål, slik at det står vatn over mesteparten av elveløpet sjølv ved liten vassføring.

Plankontoret har ved 2. gongs høyring peikt på at hovedløpet av Bøvre nedstraums samløpet med Leira (ved Leirmo) har liten betydning som gyte- og rekrutteringsområde for aurebestanden i Bøvre, det same gjeld Leira sitt hovedløp oppstraums Leirmo. Årsaka er svært stor naturleg massetransport/ transport av suspenderte bresediment i Leira, Visa og vidare nedstraums i Bøvre sitt hovedløp.

Kommunedirektøren sitt syn er at den avgrensinga i tidsperiode som Statsforvaltaren har sett i sin høyringsuttale i liten grad er tilpassa lokale forhold, både når det gjeld fiskebestand og praktiske avgrensingar for drift av masseuttaka.

Som alternativ til Statsforvaltaren sitt innspel/ vilkår om å innføre tidsperiode for uttak i kommuneplanens arealdel foreslår kommunedirektøren å innføre eit krav om revisjon av reguleringsplanane for M31 Medalen og for M32 Borgasanden innan 2 år etter at kommuneplanens arealdel er godkjent. Kommunedirektøren sin vurdering er at ein gjennom revisjon av reguleringsplanen vil kunne oppnå ein betre prosess og større grad av tilpassing til lokale tilhøve enn med meir generelle og "skjematiske" føresegner i kommuneplanens arealdel.

For område M24 Liasanden i Leira er ikkje problemstillinga like relevant, i den seinare tid har det berre vore teke ut mindre mengder elvegrus for lokal bruk og for å redusere farene for flaumskader på dyrka mark. Kommunedirektøren si vurdering er at Statsforvaltaren sitt vilkår om at grusuttak i perioden 15/9 – 15/6 berre kan skje på tørt land, kan aksepteraast for dette uttaket.

For dei to mindre uttaka i Bøvre M102 Kvanndalsvoll og M101 Prestsætre finst det i gjeldande reguleringsplanar føresegner om tidsperiode for uttak. Dette er små uttak som blir nytta til vedlikehald av lokale veger/ setervegar, med uttak oftast berre 2-3 dagar for året eller mindre. Plankontoret si vurdering er at dei eksisterande reguleringsføreseggnene er betre tilpassa lokale forhold og den praktiske bruken av uttaksområda.

Kommunedirektøren ønskjer å vidareføre desse vilkåra med ei føresegning til arealdelen for uttaksområde M102 og M101 om at "*Uttak av grus kan berre skje på låg vasstand i perioden 1–15. juni eller 15.-31. august*".

Vidare hadde Statsforvaltaren ved 1. gongs høyring motsegn til masseuttaksområde M54 Finna ved Lauva. I sin uttale til 2. gongs høyring trekker Statsforvaltaren motsegna til dette masseuttaket, m.a. fordi forvaltningsplanen for Finndalen landskapsvernområde viser til den vedtekne reguleringsplan for masseuttaket ved Lauva sitt utlaup.

Statsforvaltaren skriv vidare at føresetnaden for å trekke motsegna, er at kommunen i samråd med nasjonalparkstyresmakta og brukarane av Finndalsvegen set i gang eit arbeid for å vurdere om uttak av massar kan skje på annan måte enn i dag. Dette kan etter Statsforvaltaren sitt syn skje ved transport av massar frå utanfor verneområdet, ved å ta massar frå regulert masseuttaksområde på land i Finndalen, ved å etablere nytt uttak på land innanfor landskapsvernområdet, eller ved å endre vilkåra for uttak i M54 Finna ved Lauva slik at vassdrags- og verneverdiar ikkje blir negativt påverka.

Kommunedirektøren tek Statsforvaltaren sitt vilkår for å trekke motsegna til etterretning, og innstiller på at det ved godkjenning av kommuneplanens arealdel blir teke inn eit punkt i vedtaket om at kommunen skal ta initiativ til å setje i gang eit arbeid for å vurdere om behovet for massar til Finndalsvegen kan dekkast på ein annan måte enn slik det blir gjort i dag.

Masseuttaka M105 Otta ved Vulu, og M109 Tesse ved Ilva (grusuttak under HRV, til husbehov på setrene) har ikkje reguleringsplan frå før. For desse er det i ny arealdel sett krav om utarbeiding av reguleringsplan innan 2 år etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført.

NVE skriv i sin uttale til 2. gongs høyring av arealdelen at motsegnene ved 1. gongs høyring vil falle bort dersom kommuneplanen for Lom blir vedtatt slik som foreslått ved 2. gangs høyring.

NVE anbefaler likevel sterkt at kommunen sørger for å oppdatere reguleringsplanane for masseuttak i verna vassdrag, og skriv at det kan være aktuelt å kalle inn masseuttaka i Bøvre til konsesjonsbehandling dersom det viser seg at det ligg føre sterke miljømessige omsyn og reguleringsplanane ikkje blir oppdaterte.

Område for råstoffutvinning – masseuttak på land:

Statsforvaltaren hadde ved 1. gongs høyring også motsegn til to mindre, utregulerte masseuttaksområde på land; M80 Hovdevegen og M99 Omondjordet i Meadalen – pga nærliek til trua artar/ansvarsartar. I tillegg har Statsforvaltaren ei sterkt oppmading om at kommunen må vurdere å ta ut dei uregulerte massuttaka M1 Stallhytta i Veodalen, M50 Illmyrbakkjin ved Foss, M81 Juvasshytta/Galdhøpiggevegen og M91 Liasetra.

Det er gjennomført konsekvensutgreiing også for alle uregulerte masseuttak på land. Som eit resultat av dette vart 8 mindre, uregulerte uttaksområde på land foreslått teke ut av planforslaget ved 2. gongs høyring: M80 Hovdevegen (m/motsegn frå Statsforvaltaren), M87 Åslia, M88 Vesløygarden, M94 Botten, MS4 Brimi (skiferbrot) og MS6 Veslodden (Lia - steinuttak). M50 Illmyrbakkjin v/ Foss, og M91 Liasetra. Dei to sistnemnde var blant dei uttaka som Statsforvaltaren var sterkt kritisk til.

M50 Illmyrbakkjin er foreslått vidareført i høyringsuttaler frå Measetervegen og frå Lom fjellstyre. Masseutaket ligg ved det høgaste punktet på landbruksvegen mellom Sålell og Foss (traktorveg), i opent fjelldereng 1300 moh. I kommunedelplan for sand, grus og stein frå 1997 står det at uttaket er avslutta. I konsekvensutgreiinga ved 2. gongs høyring av arealdelen er det konkludert med at det er lite grusressursar att innanfor området som var avsett til uttak i 1997-planen, og det vil neppe vere rekningsvarande å utarbeide ein reguleringsplan for å utvide uttaksområdet. Kommunedirektøren si vurdering er at uttaksområde M50 ikkje bør vere med i ny arealdel til kommuneplanen.

For 7 masseuttak på land som ikkje har reguleringsplan frå før er det sett krav om reguleringsplan innan 2 år etter at revisjon av kommuneplanens arealdel er gjennomført. Dette gjeld M1 Stallhytta i Veodalen, M6 Kyrkjeflatten v/ Nåvårseter, M81 Juvasshytta (Galdhøpiggevegen), M99 Omundjordet (Meadalen), MS3 Graffer (steinbrot), MS7 Storurde, Lia (steinuttak) og MS8 Kjæstadurde (steinuttak).

Som nemnt over hadde Statsforvaltaren motsegn mot uttaksområde M99 Omundjordet ved 1. gongs høyring av arealdelen. Ved 2. gongs høyring vart det teke inn planføresegns med forbod mot knusing av massar i perioden frå 15. februar til 30. juni. Statsforvaltaren skriv no i sin uttale at dersom kommuneplanen blir vedteke med bindande føringar for utarbeiding av reguleringsplan med forbod mot knusing av massar i denne perioden, så har ikkje Statsforvaltaren lenger motsegn til planen.

For masseuttak utan krav om reguleringsplan er det foreslått føresegns med vilkår for avslutning av uttak/ opprydding i uttaksområdet. For område M100 Tavelflye i Smådalen er det foreslått eiga føresegns med vilkår om driftsperiode for uttaket, på grunn av nærleik til våtmarksområde/ hekkeområde.

Det er i planframlegget til 2. gongs høyring foreslått ei mindre auke i uttaksområdet for uttaka M99 Omundjordet (m/krav om reguleringsplan) og M100 Tavelflya (uttaksområdet auka frå 0,4 til 0,7 da).

Planføresegnsene punkt 7.2.3 – retningsliner for omsynssone H570_1 – kulturlandskap i Bøverdalen

Fylkeskommunedirektøren viser i sin uttale til 2. gongs høyring av arealdelen at planutvalet ønskjer å innføre endringar i ordlyden i retningslinene omsynssone H570_1; kulturlandskap i Bøverdalen, 3. – 6. strekpunkt. Fylkeskommunedirektørens vurdering er at endringane som kommunen har foreslått kan ha negative konsekvensar på nasjonal verdifulle landskapet over tid, og foreslår derfor at gjeldande formuleringar blir vidareført i den nye planen.

Kommunedirektøren vil peike på at i gjeldande kommuneplan for Lom frå 2003 ligg det ikkje nokon omsynssone for kulturlandskap i Bøverdalen, da høve til å legge inn omsynssoner i arealplan kom inn i plan- og bygningslova først i 2008. Teksten som fylkeskommunedirektøren viser til, er henta frå føresegner og retningsliner til kommunedelplanen for Fossbergom vedteken 24.11.2020, og som vidare var teke inn i forslaget til ny arealdel til kommuneplanen ved 1. gongs høyring.

Kommunedelplanen omfattar berre ein liten del av den totale omsynsona ($0,23 \text{ km}^2$).

Omsynssona er svært stor – om lag 120 km^2 . Sona omfattar både Bøverdalen, Leirdalen og delar av Visdalens, og strekk seg frå Fossbergom i aust til Høydalssæter og Bøverton i vest, ei strekning på over 35 km. Delar av omsynssona er dessutan omfatta av vern etter naturvernlova som Høydalen landskapsområde og Høyrokampen naturreservat, og dermed underlagt strenge verneregler knytt til bevaring av landskap og naturmiljø. I tillegg er Bøvra med sideelver (m.a. Leira) verna vassdrag.

Nede i dalane omfattar omsynssona i tillegg til gardstun og spreidtbygde bustader og hytter, også tettbygde område som Galdesanden og Leirmo. Sona omfattar også regulerte hyttefelt opp langs

Galdhøpiggen. For kommunen er det viktig at særleg områda i tettstaden og dei regulerte hyttefeltet har eit regelverk som faktisk kan praktiserast. Alternativet for kommunen vil vere å fremme forslag om å ta ut dei delane av omsynssona som omfattar tettbygde område, og områda regulert for fritidshus m.v. Det som er foreslått er mindre justeringar i retningslinene frå 1. gongs høyring, m.a. fordi planutvalet meiner at ein for desse områda ikkje treng å legge opp til ein vesentleg strengare praktisering av estetiske krav enn for andre område i kommunen. Kommunedirektøren stiller seg bak desse vurderingane, og innstiller på å behalde retningslinene for omsynssone H570_1 slik dei var foreslått ved 2. gongs høyring.

Fylkeskommunedirektøren skriv vidare at det i tillegg bør takast inn ei føresegn for omsynssone H570_1 som gjeld forbod mot å sette i verk store tiltak som kan øydelegge eller skade det særprega landskapet innafor omsynssona. Kommunedirektøren si vurdering av dette er at "Store tiltak" i utgangspunktet vil krevje utarbeiding av reguleringsplan, og bør vere heimla i kommuneplanen. Med den behandlingsmåten som er fastsett i lovverket for "store tiltak" og reglar gjeve i lovverket om medverknad ved ettersyn og høyring ved slike prosessar, finn ikkje kommunedirektøren det nødvendig å foreslå ei særskilt føresegn for "store tiltak".

Kommunedirektøren viser elles til merknader og vurderingar i punkt 1.8 i dokumentet *Samanfattning av uttaler og innspel ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring med kommentarar frå plankontoret*.

Formannskapet 06.12.2022 - sak PS 2022/98

Behandling

Innleiing ved kommunedirektør:

Det har kome innspel frå Krossbu Turisthytte AS kring tekst i konsekvensutgreiinga for fleire turisthytter.

Ordførar Bjarne Eiolf Holø (SP) viste til at han er medeigar og styreleiar i Krossbu turisthytte AS, og ba formannskapet vurdere habiliteten.

Bjarne Holø (SP) vart kjent inhabil til å delta i orienteringa.

NOTAT: Endringar av tekst i KU for turisthytter.

Krossbu turisthytte har gjort kommunen merksam på feil/manglar i konsekvensutgreiingane knytt til arealbruk og aktivitetar for nokre av turisthyttene. Plankontoret har derfor gjort endringar i teksten i punktet "Teknisk infrastruktur" for nokre av turisthyttene, jf. endringar med blå skrift under.

KU for BFT07 - Krossbu

Teknisk infrastruktur	Vegtilkomst til turisthytta er mot Fv55. Det går grusvegar forbi turisthytta og over Bøvra i bru, som er køyrbare med bil. Brua er anlagt av vegvesenet i samband med tidlegare uttak av grus. Areal her er i dag nytta som camping og for parkering. Eit gammalt fjøs sør for Krossbu, blir nytta som lager. Avlaup frå turisthytta går til eige jordreinseanlegg.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for teknisk infrastruktur. Fjøset, vegane, campingplassen og parkeringsplassane, er ikkje lagt inn i planforslaget som fritids- og turistformål, men ligg som LNFR.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
-----------------------	--	---	---

KU for BFT10 - Leirvassbu

Teknisk infrastruktur	Leirvassbu ligg ved enden av ein om lag 14 km privat bomveg som tek av frå Sognefjellsvegen, Fv55. Avlaup går til eige reinseanlegg. Det er opparbeid ein stor parkeringsplass nord for turisthytta. Bomvegen er stengt i vinterhalvåret.	Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningar og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for teknisk infrastruktur. Areal for teltplassar kring turisthytta ligg som LNFR.	<i>Liten verdi (*)</i> <i>Nøytralt omfang (0)</i> Ubetydeleg konsekvens
-----------------------	---	---	---

KU for BFT21 - Memurubu turisthytte

Teknisk infrastruktur	<p>Memurubu ligg ved Gjende, og det er rutebåt som går fra Gjendesheim i sumarhalvåret. Det er opparbeid ei større brygge der rutebåten legg til, og turisthytta har eigne bryggjeanlegg for mindre båtar. Avlaup går til eige reinseanlegg.</p> <p>Memurubu har straum fra eige kraftverk.</p>	<p>Evt. utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningars og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for teknisk infrastruktur. Mogeleg areal for fritids- og turistformål på kartskissa, omfattar også areal for telting.</p>	<p><i>Liten verdi (*)</i></p> <p><i>Nøytralt omfang (0)</i></p> <p>Ubetydeleg konsekvens</p>
-----------------------	---	--	--

KU for BFT22 - Gjendebu turisthytte

Teknisk infrastruktur	<p>Gjendebu ligg ved vestenden av det 2 mil lange Gjendevatnet, og det er rutebåt som går fra Gjendesheim i sumarhalvåret. Det er ei større brygge eit stykkje vest for turisthytta, der båten legg til. Mellom brygga og turisthytta er det teltplassar. Hytta er ikkje knytt til straumforsyning. Det er ikkje reinseanlegg for avlaupsvatn.</p>	<p>Evt. utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningars og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for teknisk infrastruktur.</p> <p>Mogeleg areal for fritids- og turistformål på kartskissa, omfattar ikkje areal for telting, som er lagt som LNFR.</p>	<p><i>Liten verdi (*)</i></p> <p><i>Nøytralt omfang (0)</i></p> <p>Ubetydeleg konsekvens</p>
-----------------------	--	--	--

KU for BFT15 - Spiterstulen

Teknisk infrastruktur	<p>Spiterstulen ligg ved enden av ein privat bomveg, og ligg i avstand om lag 17 km til Fv55. Det er gangbru over Visa for fotturistar, og som også er forbindig mot campingplassen for telt vest for elva. Drikkevassforsyning skjer frå eigne brunnar. Avlaup går til eige reinseanlegg. Turisthytta har også eit sanitæranlegg knytt til campingplassen vest for Visa. Det er opparbeid store parkeringsareal vest og nord for turisthytta. Bomvegen er stengd i vinterhalvåret.</p>	<p>Utlegging av areal for fritids- og turistformål kring bygningars og gardsplass til erstatning for punktsymbol i kommuneplanen frå 2003, vil ikkje ha betydning for teknisk infrastruktur.</p> <p>Campingplassen for telt vest for Visa, er ikkje lagt inn i planforslaget som fritids- og turistformål, men ligg som LNFR.</p>	<p><i>Liten verdi (*)</i></p> <p><i>Nøytralt omfang (0)</i></p> <p>Ubetydeleg konsekvens</p>
-----------------------	---	---	--

Formannskapet ber kommunedirektøren om å innarbeide mangelfull tekst i konsekvensutgreiinga.

Samrøystes vedteke.

Forslag frå Kjell Brandsar (LL):

Ta ut BFT28_f - Område for bygging av utleigehytter ved Nordsætrin frå plan.

Vedteke med 3 mot 2 røyster

Forslag frå ordførar:

Ta inn att deler av område BF14_f - Bjørnnskardet som framtidig byggeområde med kombinert arealformål for bygging av hytter for utleige og fritidsbustadar for sal.

Forslag fell med 2 mot 3 røyster.




Bilde over viser kartutsnitt frå Bjørnnskardet.

Forslag frå ordførar:

Område for fritids og turistformål BFT03_f, veg SV01_f og LNFR01_f ved Brimi Fjellstugu – blir teke inn att i planforslaget som blir lagt fram til sluttbehandling.

Forslag vedteke samrøystes.



Bilde over viser kartutsnitt fra Brimi Fjellstugu.


Forslag frå Marit Sletten (SP)

Deler av område BOP01_f, ved Garmo kyrkje, som var vist ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, blir teke inn som nytt areal for parkering i planforslaget.

Område blir avgrensa som vist på kartskisse lagt fram i møtet.

Planomtalen blir justert i samsvar med dei endringar som går fram av dette vedtaket.

Samrøystes vedteke.



Bilde over viser kartutsnitt frå Garmo Kyrkje.

Forslag frå formannskapet:

Område BGU02_f, nytt areal for utviding av kyrkjegarden ved Garmo kyrkje, blir teke ut av planforslaget. Ved neste revisjon av kommuneplanens arealandel bør areal på sørsida av eksisterande kyrkjegard vurderast som nytt område for utviding. Dette blir teke inn i punkt 5.1.8 i planomtalen.

Samrøystes vedteke.

Forslag frå Marit Sletten (SP)

Når kommuneplanen er vedteke skal kommunen bidra aktivt til å setje i gang reguleringsarbeid for dei massetak for vedlikehald av setervegar og landbruksvegar der det er sett krav om reguleringsplan. Dette gjeld ikkje-kommersielle grusuttak.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 15.12.2022 – sak PS 2022/79

Behandling

Forslag frå Bygdelista:

Foreslår at følgjande byggeområde for fritidsbustader takast inn i planen igjen:

BFT28_f for utbygging av utelegehütter ved Nordsætrin.

BT14_f Bjønnskardet ønskes også teke inn igjen.

Foreslår at felt for bustadbygging BB03 i Garmo takast inn igjen i planen.

Foreslår følgjande endring i pkt. 3.3.3 Føresegner for inngjerding av fritidsbustader (PBL§ 11-9, nr6)

Punkt a:

Det kan gjerdes inn med inntil 100 lm gjerde pr fritidsbustad, rekkverk/gelender på terrasse eller veranda tel ikkje med i talet på løpemeter. Gjerde over 100 løpemeter krev søknad til /godkjenning av kommunen, jf. PBL § 20-4 e.

Forslag frå Torstein K Garmo (SP)

Støttar kommunedirektøren si innstilling vedr. garasjebygg på Brimi Fjellstuggu, dvs. at BFT29_f takast ut att av planen.

Orientering frå kommunedirektør:

Før kommunestyremøte hadde administrasjonen lagt inn manglande tekst i konsekvensutgreiinga knytt til turisthytter, i samsvar med notat som vart lagt fram i formannskapet.

Før avrøystinga orienterte tenesteleiaren Anne Silje Berg på vegne av kommunedirektøren, om brev til kommunen frå Statsforvaltaren i Innlandet datert 14.12.2022 med vurdering av Lom kommune si oppfølging av deira motsegner ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren skriv her mellom anna at når det gjeld masseuttak i Bøvre, M24, M31, M32, M101 og M102 og massetak i Finna M54, så er det gjort endringar i planføresegne slik at motsegnene mot desse områda er imøtekome dersom planen vert vedteke slik dei er i kommunedirektøren sitt saksframlegg jf. brev av 7. desember 2022. Statsforvaltaren skriv at dei oppretthald motsegnna til område BFT01_f Konglehaugen, så lenge det ikkje er vist realistisk tilkomst til anlegget utan at konflikt med nasjonale verdiar knytt til naturmangfold og jordvern er avklart. Berg viste til at området BFT01_f er teke ut av planforslaget, og er ikkje med i kommunedirektøren si innstilling til vedtak i saken.

Ved avrøysting vart kvart punkt til endring av planen røysta over.

Forslag frå Torstein K Garmo (SP):

Foreslår kommunedirektøren si innstilling vedr. garasjebygg på Brimi Fjellstuggu, dvs. at BFT29_f takast ut att av planen.

Forslag fell med 11 røyster mot og 6 røyster for.

Forslag frå Bygdelista

BFT28_f Område for bygging av utleigehytter ved Nordsæтрin, takast inn att planen.

Forslag fell med 15 røyster mot og 2 røyster for.

BT14_f område for bygging av fritidsbustadar ved Bjønnskardet, takast inn att i planen.

Forslag fell med 15 røyster mot og 2 røyster for

Felt for bustadbygging BB03 i Garmo, takast inn att i planen.

Forslag fell med 15 røyster mot og 2 røyster for

Forslag til endring av planføresegnerne 3.3.3 Føresegner for inngjerding av fritidsbustader (PBL§ 11-9, punkt a:

Det kan gjerdes inn med inntil 100 lm gjerde pr fritidsbustad, rekkverk/gelender på terrasse eller veranda tel ikkje med i talet på løpemeter. Gjerde over 100 løpemeter krev søknad til /godkjenning av kommunen, jf. PBL § 20-4 e.

Forslag fell med 15 røyster mot og 2 røyster for.

Kommuneplanens arealdel med vedteke endringar i formannskapet vart vedteke samråystes.

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 godkjenner Lom kommune ny arealdel til kommuneplan for Lom, planID 05140073, med plankart og føreseigner datert 15.11.2022.

Planforslaget omfattar planskildring, plankart, planføresegner, konsekvensutgreiing (3 dokument), risiko- og sårbarheitsanalyse og skiltvedtekter for Lom kommune. Det er lagt ved notat der alle innkomne uttaler til 2. gongs høyring/ offentleg ettersyn er referert og kommentert.

Planen blir vedteken med dei endringar etter 2. gongs høyring som går fram av saksutgreiinga, og i tillegg med desse endringane:

Område BFT28_f – nytt område for utleigehytter ved Nordsæтрin, blir trekt ut av planforslaget. Nytt område for fritids og turistformål BFT29_f, nytt vegareal SV01_f og nytt område for landbruk, natur, friluftsliv og reindrift LNFR01_f ved Brimi Fjellstugu, blir teke inn att i planforslaget slik det var vist ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Deler av område BOP01_f, ved Garmo kyrkje, som var vist ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, blir teke inn som nytt areal for parkering i planforslaget. Området blir avgrensa som vist på kartskisse lagt fram i møtet.

Område BGU02_f, areal for utviding av kyrkjegarden ved Garmo kyrkje, blir teke ut av planforslaget. Ved neste revisjon av kommuneplanens arealdel bør areal på sørsida av eksisterande kyrkjegard vurderast som nytt område for utviding av kyrkjegarden. Dette blir teke inn i punkt 5.1.8 i planomtalens.

Planomtalens blir justert i samsvar med dei endringar som går fram av dette vedtaket.

Kommuneplanens arealdel blir godkjent under føresetnad av at Statsforvaltaren i Innlandet trekker motsegn til planen.

Kommunedelplan for Fossbergom, vedteken 24.11.2020, vil fortsatt gjelde for sentrumsområdet.

Som følgje av vedtaket om godkjenning av ny areal del til kommuneplanen blir reguleringsplan for masseuttaksområde M18 Bøvre ved Galdebygde, vedteken 12.03.1998, oppheva.

Som følgje av vedtaket skal Lom kommune ta initiativ til ei vurdering av om behovet for massar til Finndalsvegen kan dekkast på ein annan måte enn i dag, slik at vassdrags- og verneverdiar ikkje blir negativt påverka. Dette skal skje i samarbeid med Statsforvaltaren i Innlandet, Nasjonalparkstyret for Reinheimen og brukarane av Finndalsvegen.

Når kommuneplanen er vedteke skal kommunen bidra aktivt til å setje i gang reguleringsarbeid for dei massetak for vedlikehald av setervegar og landbruksvegar der det er sett krav om reguleringsplan. Dette gjeld ikkje-kommersielle grusuttak.